

Til
Lindås Kommune v/ Byggjesaksavdelinga

Kopi til Ordførar

Frå

Åse Sletten
Ørnetua 13
5955 Lindås

Vedr avslag på søknad om garasje med bod og carport, ref. 14/7610 - 14/27612

Hei!

Eg er eigar av Ørnetua 13, gnr 102/126. Eg er åleinemor, og har fått bygd oss eit hus som passar for ungane og meg. Det me derimot manglar, er ein stad å lagre sykklar, ski, utemøblar og anna sesongutstyr. Eg har fått tilbod på ein garasje med carport og bod, og med hjelp av familie skal eg klare å få bygd denne, sjølv om kostnadene ligg på grensa av det eg kan klare.

For å halde kostnadane nede, og fordi tiltaket er utan ansvarsrett, har eg sjølv søkt kommunen om byggjeløyve. Eg syns eg førebudde meg godt, og snakka med byggjesaksvakta og hadde maillkontakt med Tor Hegle i byggjesaksavdelinga på førehand. Ut frå dei svara eg fekk, forventa eg at søknaden blei godkjend.

Men eg fekk altså avslag, og lista for avslaget var lang, og ikkje ein gong fullstendig. Nokre av manglane forstår eg ikkje, m.a. at eigar av gnr 102/50 skulle vore varsla. Det er kommunal veg gjennom feltet, og denne tomten grensar difor ikkje til meg. Dette fekk eg òg stadfesta av byggjesaksvakta på førehand.

Slik eg tolka både byggjesaksvakta og mailen frå Tor Hegle, kan eg byggje nærare enn byggjegrensa på 4 m - inntil 1 m frå nabogrensa dersom garasjen er mindre enn 50 m². Når eg då får avslag med grunngjeving at plasseringa er i strid med godkjend reguleringsplan, blir eg frustrert. Meiner de då at eg ikkje kan byggje noko som helst nærare enn 4 m frå alle nabogrenser? I såfall vil det seie at av tomten min på ca 1,2 mål, kan eg berre byggje på ca 60 % av arealet?!

Eg lurar på om nokon kan hjelpe meg slik at eg får vite nøyaktig kva som må til for at eg skal kunne byggje ein garasje som eg er tent med, og allerhelst på ein slik måte at eg får eit "tun" på tomten min. Eg kan sikkert flytte garasjen heilt inntil huset mitt, og dermed vere 4 m frå nabogrensa, men då får eg eit område bak garasjen som vil vere lite teneleg. I tillegg vil ein garasje nærare naboen gi eit naturleg skilje mellom dei 2 tomtane, noko både naboen og eg er samde om.

Eg har alt betalt eit gebyr på 2100 for ingenting, og den kostnaden kan eg ikkje ta fleire gonger om ikkje svaret er positivt. Eg treng difor å få vite kva som skal til for å få eit positivt svar. Ver så snill og ikkje henvis til alle slags paragrafar- dei kan eg lese sjølv. Problemet er at eg ikkje har kunnskap om kva lovar reglar og planar som er "overstyrande".

Og om eg evt. søker dispensasjon, kor stor sjanse er det for at denne bli innvilga? Kva er evt kostnadane ved ein slik dispensasjonssøknad?

Til slutt vil eg gi eit lite tips til byggjesaksavdelinga i Lindås kommune. Som innbyggjar reknar eg med at de er interessert i at folk skal byggja i kommunen. Mitt- og svært mange eg har snakka med- opplever at byggjesaksavdelinga i kommunen er lite serviceinnstilte, og gjer det svært vanskeleg for folk å byggja. Eg forstår at de skal forvalte dei lovar og reglar som gjeld, men då

synes eg det minste de kan gjere er å svare på ein folkeleg måte når me som kundar spør om noko. Å svare med kopi av ein paragraf hjelper ikkje mykje, og når ein heller ikkje kan stole på det byggjesaksvakta seier, kan de like godt droppe den "tenesta". (Jfr. LEAN-metoden, som eg forstår kommunen jobbar etter)

Dette er for så vidt ikkje ein klage på avslaget på søknaden, det kan godt vere det er forntent. Det eg er misfornøgd med er den hjelpa ein får når ein henvender seg til kommunen. Dersom dette var så innlysande, burde byggjesaksvakta sagt med ein gong han såg kartet og reguleringsplanen, at dette ikkje var innanfor krava. I staden sa han at dette såg greit ut, og at eg kunne sende søknaden som den var.

Så nok ein gong ber eg Dykk- kva må til for at eg skal kunne få byggje ein teneleg garasje på tett oppunder 50 m²?

Mvh Åse Sletten
Ørnetua 13
5955 Lindås

På førehand, takk for hjelpa!

Mvh Åse Sletten